

Sandtak-plan skal reviderast

01.03.2010

Saksbehandlar Ingo Bewer i kommunen har no teke eit nytt initiativ i sandtak-saka. Etter at merknader og notatar har kome inn spelar han ballen over til Byggadministraasjon Harald Bjørndal AS og ber om at firmaet tar stilling til merknadene.

Her viser han særleg til motsegn frå fylkesmannen, fylkeskommunens og vegvesenet sine merknader og tildels sterke merknader frå naboar.

Bewer ynskjer vidare at Bjørndal går i dialog og prøver å samordna privatrettslege tilhøve mellom samtlege grunneigarar, diskuterer vidare framgang med kommunen sin administrasjon og sender den reviderte planen samt føresegner eventuelt tilbake til kommunen.